



## REFERAT 1. APRIL 2016

STYREMØTE, fredag 1. april 2016 kl. 15-17

STAD: Vika velferdssenter i Hol

Tilstades: Odd Oleivsgard, Maria Søndrål, Margarethe L'orange, Grethe Larsgard Rudningen, Eva Almhjell

Referat: Grethe LR og Eva A

Sak	Tema	Ansvar/Oppfølging
1	Årshefte 2016 – takk til elevar og lærarar, onsdag 30. mars kl. 1145.	OSS (Maria og Eva) takka elevar og lærarar ved Hallingskarvet skole – i.e. dei som var med i DKS (4. kl.trinn) ved Hovet skole våren 2015. Dei fekk Årsheftet 2016 med egne teikningar i - og fruktfat. HD og HR var invitert. Hallingdal Radio v/Knut Medhus kom. Maria tek Olav Sletto i DKS vidare. Styret var nøgd.
2	OS-infotavle i Sletto – <b>markerer OS 130 år</b> Forslag frå Maria: Tavle-avduking i Sletto sundag 19. juni '16 - ettermiddag = markering av at det i år er 130 år sidan OS vart født.	Margarethe og Odd orienterte. Eva og Margarethe laga rapport til Hol komm., som vart levert 26.2.16. Odd har overtatt tavla og sørgjer for å få festa henne på den plassen ho skal stå i Sletto – etter befaring når snøen er vekk. Markering av OS 130 år i Sletto, søndag 19. juni kl. 17-18. Sidan vi berre blir tre frå styret, nøyer vi oss med å servere kaffe, leskedrikk og turre kjeks...Arne Skogheim og Barbro Aasen avdukar. BAa har funne helsing og takk frå Olav Sletto til Tor og Birgit Sletto etter sitt (viste det seg) siste besøk i Sletto. Barbro les helsinga ved avdukinga. Hol kommune har nesten fullfinansiert tavla. Styret støtta forslaget om å spørja ordføraren om å halde ei kort tale. Eva følgjer opp. Og han sa ja! Avdukinga er annonsert som 130-årsmarkering for OS på Hol kommune si heimeside. Elevar og lærarar som arbeider med Olav Sletto i DKS (4.-5. kl. ved Hallingskarvet skole) er spesielt invitert til avdukinga. Knut Seim er også invitert som spesiell gjest og overleverer siste bind av Norsk Ordbok, som han har gitt Olav Sletto-selskapet i si heilheit med i alt 12 bind. Det er hans ynskje at Norsk Ordbok skal stå i Olav Slettorommet og at bøkene blir tatt i bruk. Styret var nøgd med opplegget.
3	Aktivitatar: * <b>Helge Hognestad</b> til Geilo 15. okt. 2016. Tema: Om gudsriket og åndeleg vekst relatert til sentrale verk i OS- diktinga (tentativt)..  * <b>Digitalisering</b> av sentrale dokument i OS- arkivet. Må baserast på dugnads- innsats frå OSS-styret.	Talar nr. 2, Eva-C. Mørk, er usikker. Forslag: EvaA kan ev. lette på kvinnesløret i Olverbøkene - om ikkje Mørk kjem? Styret støtta forslaget. Biblioteket på Dr. Holms hotell er reservert frå kl. 13-18. 2 e-rom reservert frå 15.-16.10.16. Vi utvidar møtet til eit halvdags seminar – som ei markering av OS 130 år. Og vi kallar seminaret for <b>Olav Sletto-dagen</b> , og startar noko vi vonar kan bli ein tradisjon med ein Olav Sletto-dag årleg, omkring dødsdagen hans 14. oktober. Styret støtta forslaget.  Grethe fortalde frå møtet med Hol komm. 1.4.16. OSS hadde sendt formell henvendelse til Hol kommune og bedt om møte. Etter purring inviterte kommunen til møte om arbeids- og ansvarsdeling mellom OSS og Hol kommune 1. april kl. 10-1130. Grethe og Eva møtte for OSS. Punkt på dagsordenen: 1. Eige, 2. Forvaltning, 3. Digitalisering, 4. Publisering, 5. Konkret avtale. Hol kommune lagar referat og utkast til standardavtale for bruk av arkivet og bibliotekbygget i Holet for seriøs bruk av arkivstoff.

	<p>* Skifte web-hotel.</p> <p>* Frå forskingsfronten:</p> <p>- Christine Hamm, UiB, dr.philos. på "foreldreskapet i det moderne" basert på nylesing av S. Undset.</p> <p>- Svein Erik Tandberg, dr. i musikkvitskap.</p> <p>* Eva: Artikkel om kvinnene i Olvers liv</p>	<p>Hol komm. framheva at eit godt samarbeid med OSS er heilt påkrevd for ei god forvaltning av arkivet og Sletto-rommet. Alle dokument som er publisert i OSS-årshefta er publisert på nettsida <a href="http://www.olavslettoselskapet.no">www.olavslettoselskapet.no</a>. Vi vil halde fram med å bruke nettstaden til vidare publisering. Trygg langtidslagring skal Hol kommune ta seg av.</p> <p>Arne S. har sagt ja til å skrive av fleire av dei sentrale dokumenta/bøkene i arkivet, når det høver best for han. Styret svært nøgd.</p> <p>Alternativ: Webhuset – kr. 89 pr. mnd. for 20 GB. Eva og Margarethe følgjer opp. Ikkje gjennomført enno.</p> <p>Eva følgjer opp forskarane.</p> <p>CH interessert i å seta seg inn i OS-litt. Eva følger opp etter påske.</p> <p>Avtalt møte omkring 7. april. Tema: Musikk og meining med Per-bøkene som underlag</p> <p>Utkast ferdig. EA i gang med spissing av temaet etter gode innspel frå Margarethe, Maria m.fl. Styret nøgd med arbeidet frå forskingsfronten.</p>
4	<p>Årsmøtet 2016</p> <p>- mat</p> <p>- annonsering</p> <p>- skrivar for årsmøtet</p>	<p>Gjera klart til møtet med mat og kaffi, møblering mv. Grethe og Maria (vaflar med meir)</p> <p>Eva – annonse i HD 8. mars 2016, reminder under Hallingnytt torsdag 31. mars. Annonsa kom som bestilt, påminning under Hallingnytt og artikkel om Arne Horge kom ikkje. Leiaren var i influensa-bakrus og tek på seg ansvaret for feilen. Styret tok dette til etterretning. Grethe</p>
5	<p>Arne Horge. Foredrag blir utvida både i djubda og ved å koble OS med Adam Mickiewich, polsk poet med meir.</p>	<p>Forslag: Horge er ikkje av dei som snur bunken!</p> <p>Forslag: OSS tilbyr honorar på kr. 1000 - i tillegg til avtala om å dekke reiseutgiftene etter Statens satsar for privatbil t/r Rukkedalen. Styret støtta forslaget.</p>
6	<p>Eventuelt: Velkomne med innspel</p>	<p>24.3.16: 32 av 94 medl. bet. 2016-kont. Saldo ca. kr. 48000. Ola delte ut Evas budsjettsskisse for OSS 2016, som styret tok til etterretning. Ingen info om revisorrapport.</p> <p>Barbro Aasen har funne eit takkebrev til Tor og Birgit Sletto frå Olav Sletto etter det som viste seg å bli siste gongen han var i Sletto. Barbro gir originalen til Olav Sletto-arkivet. Eva sørgjer for kopi av brevet til Barbro. Ho vil få lesa opp brevet under avdukinga av minnetavla i Sletto 19.6.16. OK for styret.</p> <p>Bokgava frå Knut Seim utløyser behov for å gjera Olav Sletto-rommet til eit aktivt museum. Styret følgjer opp.</p> <p>Styret beslutta å endre 6 til 4 veker i vedtektenes §9. Også §5 må endrast for å vera i samsvar med nye §9. Båe deler i 2017.</p>